

## Notat

**Frå:** Fylkesdirektøren  
**Til:** Hovudutval for opplæring

### Notat om samfunnskontrakten og kompetanseutvikling i fag- og yrkesopplæringa

#### Bakgrunn for notatet

Fylkesdirektøren for opplæring viser til vedteke mål- og strategidokument, Mot nye høgder, og tilhørande handlingsprogram der to av satsingsområda er arbeidet med å realisere samfunnskontrakten og å auke kompetansen til faglege leiarar, instruktørar og prøvenemndene.

I dette notatet vil fylkesdirektøren få fram sektoren sitt arbeid med samfunnskontrakten og kva kompetanseutvikling av faglege leiarar, instruktørar og prøvenemnder vi har. Det vert også gjort vurderingar om ytterlegare arbeid på områda.

#### Samfunnskontrakten

Samfunnskontrakten byggjer på eit trepartssamarbeid mellom Kunnskapsdepartementet, NHO og LO. Målet med samfunnskontrakten er at alle kvalifiserte søkjarar skal få eit tilbod om læreplass. Dette er eit krevjande mål, men det kan verte nådd gjennom ein langsiktig felles innsats.

Sogn og Fjordane treng fleire fagarbeidarar i framtida. Det er viktig at vi held fram det gode arbeidet med å rekruttere fleire unge til å velje yrkesfaga. Det fireårige opplæringsløpet må styrkast og elev/lærling må setjast i stand til å nå sluttkompetanse.

Eitt av innsatsområda i samfunnskontrakten er bygging av, og arbeid med, lokale nettverk for å auke talet læreplassar. Fylkesdirektøren har som mål å følgje opp den etablerte nettverksstrukturen og utvikle dei fylkesdekkande og lokale nettverka som kjelde for kunnskapsdeling og kompetanseheving. Skulen har ei sentral rolle for å styrke samarbeidet mellom skulane, næringsliv og opplæringskontor og byggje vidare på det allereie etablerte samarbeidet lokalt og regionalt. Felles mål og strukturar, kunnskap om og ferdigheiter til å etablere og følgje opp nettverksarbeidet er system- og prosesskvalitetar som gir resultat.

For å styrke dette arbeidet har fylkesdirektøren gitt dei vidaregåande skulane større ansvar for å sjå opplæringa i eit fireårig opplæringsløp. Skular med yrkesfaglege utdanningsprogram har arbeidslivskontakt som skal bidra til å nå målet om fleire læreplassar. Arbeidslivskontaktressursen er ein ekstraressurs til skulane og skal syte for at alle søkjarar har læreplass ved utgangen av skuleåret, og for å få ein god formidlingsprosess må skulen starte tidleg.

I politisk sak om [Arbeidslivskontakt](#) ved dei vidaregåande skulane, står det mellom anna :

*«Fylkesdirektøren for opplæring meiner at dei vidaregåande skulane må få ei meir aktiv rolle i formidlingsprosessen frå vg2 til læreplass. Dei vidaregåande skulane kan gjennom dette bidra til å auke tal lærebedrifter og tal elevar som får seg læreplass etter vg2. Skulane må gjennom bruk av utplassering for elevar i faget yrkesfagleg fordjuping ha eit enda tettare og meir forpliktande samarbeid med arbeids- og næringslivet.»*

Vidare i saka er det detaljert informasjon om kva som er fylkesdirektøren sitt ansvar og kva som er skulane sitt ansvar i dette formidlingsarbeidet.

Fylkesdirektøren er, for å nå måla i strategidokumentet, i ferd med å tilsette rådgjevar i ei treårig prosjektstilling for å:

- rekruttere fleire lærebedrifter i tett samarbeid med dei vidaregåande skulane
- vidareutvikle nettverk med næringslivet saman med skulane
- informere om opplæring i bedrift i arbeidslivet
- gje rettleiing og få til samhandling

Arbeidsoppgåvene skal vere å styrke arbeidet med å utvikle lokale nettverk og å bruke Yff-faget (Yrkesfagleg fordjuping) til å introdusere fleire elevar for arbeidslivet og lette overgangen mellom skule og bedrift. I arbeidet her er ein avhengig av å få mange aktørar, som har både kunnskap, ferdigheiter og haldningar til å samhandle. Erfaringar viser at aktørane sine haldningar, saman med tverrfagleg kunnskap og god informasjon, er nøkkelen til å gi elev og lærling den beste opplæringa.

## Kompetanseutvikling av prøvenemnder og faglege leiarar og instruktørar

Overgangen frå skulelivet til arbeidslivet kan by på både gleder og utfordringar. Nokre vil ha positive skule- og relasjonserfaringar, medan andre har hatt mange utfordringar med både fag og relasjonar. Lærlingundersøkinga 2017 viser at 3 av 10 lærlingar opplever at dei er redde for å gjere feil i arbeidsdagen, og at 2 av 10 seier at instruktør/ rettleiar berre av og til eller sjeldan er tilgjengeleg på arbeidsplassen dersom dei skulle trenge det. (viser til meir info om dette i politisk sak 16/8145)

Lærlingundersøkinga syner at i arbeidet med områda *vurdering for læring, medverknad og motivasjon* har vi utviklingsmoglegheiter. Den viser at lærlingane i relativt liten grad får delta i planlegging og vurdering av eige arbeid, og at lærlingane etterlyser *løpende faglig veiledning*. (Høgast score er 5).

### - Medvirkning

[Tilbake](#)

Last ned data			
	<a href="#">Hjelp til tolkning</a>	<a href="#">Indikatorveiledning</a>	
Delskår	2014–15	2015–16	2016–17
Deltar du aktivt i planlegging og vurdering av arbeidet ditt? (§3–12)	3,4	3,5	3,4
Tar arbeidsgiveren hensyn til dine synspunkt når dere planlegger opplæringen?(§3–12)	3,5	3,6	3,5
Sogn og Fjordane fylke, Fag- og yrkesopplæring, Lærlingundersøkelsen, Medvirkning, Alle eierformer, Alle trinn, Begge kjønn, Alle utdanningsprogram			

### - Halvårssamtalen

[Tilbake](#)

Last ned data			
	<a href="#">Hjelp til tolkning</a>	<a href="#">Indikatorveiledning</a>	
Delskår	2014–15	2015–16	2016–17
Hvor ofte har du planlagte samtaler med instruktør/veileder, faglig leder eller andre hvor dere går igjennom opplæringsplanen og status for opplæringen?	2,7	2,9	2,9
Sogn og Fjordane fylke, Fag- og yrkesopplæring, Lærlingundersøkelsen, Halvårssamtalen, Alle eierformer, Alle trinn, Begge kjønn, Alle utdanningsprogram			

### - Kunnskap om fag- eller svenneprøven

[Tilbake](#)

Last ned data			
	<a href="#">Hjelp til tolkning</a>	<a href="#">Indikatorveiledning</a>	
Delskår	2014–15	2015–16	2016–17
Vet du hva du skal kunne til fag-/svenneprøven?	3,6	3,8	3,7
Vet du hvordan fag-/svenneprøven skal gjennomføres?	3,5	3,6	3,5
Vet du hva som er kravet for å få karakterene «bestått» eller «meget godt bestått» til fag-/svenneprøven?	3,0	3,1	3,0
Sogn og Fjordane fylke, Fag- og yrkesopplæring, Lærlingundersøkelsen, Kunnskap om fag- eller svenneprøven, Alle eierformer, Alle trinn, Begge kjønn, Alle utdanningsprogram			

Med bakgrunn i denne statistikken og erfaringar gjennom « tett på arbeid » med lærlingane i bedrift legg fylkesdirektøren opp til meir kompetanseutvikling av faglege leiarar og instruktørar og prøvenemnder. Praksisen i dag er oppfølging av lærling og lærebedrift gjennom besøk og telefon. I tillegg arrangerer fylkesdirektøren frivillige instruktørkurs for alle faglege leiarar og instruktørar to gonger i året. Opplæringskontora har eigne instruktørkurs for sine medlemsbedrifter som fylkesdirektøren godkjenner i forkant. Kvaliteten på opplæringskontora og fylkesdirektøren sine instruktørkurs kan vidareutviklast gjennom større samhandling. I tillegg kan fylkesdirektøren legge opp til meir regionale kurs der bedriftene kan velje mellom fleire kursdagar.

I lærlingundersøkinga, skissert ovanfor, ser fylkesdirektøren at det er naudsynt å ha særleg merksemd på å vidareutvikle faglege leiarar og instruktørar sin kompetanse i områda vurdering for læring og motivasjon. Nyare forskning viser at det har stor tyding for motivasjonen til elev/lærling at dei får heilskaplege oppgåver som dei opplever som interessante og relevante sett opp mot sine yrkesval (Bødtker-Lund, Hansen, Haaland og Vagle, 2017). Dette må igjen medføre at alle lærlingane møter meir effektiv tilbakemelding (formativ vurdering), tilpassa opplæring, deltaking i eige læringsarbeid og eigenvurdering og at det vil gje stor effekt på lærlingane sin motivasjon og sjølvbilette (Assessment Reform Group, 2002).

Det er ei nasjonal satsing på å utvikle [nettkurs i vurdering](#) for faglege leiarar og instruktørar og prøvenemnder. Utdanningsdirektoratet tilbyr alle fylke gratis nettkurs i vurdering for instruktørar/ faglege leiarar og prøvenemnder hausten 2018. Kwart fylke får tildelt 30 plassar på kvart av kursa. Førebels er det 17 påmelde. Etterutdanninga startar opp i september. Nettkursa har som mål å styrke vurderingskompetansen for alle som er aktive i opplæringa av lærlingen. Kurset er praksisnært, og tett kopla til dei oppgåvene og gjeremåla som ein allereie har som instruktør og fagleg leiar. I kurset vert det lagt stor vekt på erfaringsdeling frå ulike lærebedrifter og at faglege leiarar og instruktørar er bevisste den viktige rolla dei har i lærlingen sitt læringsarbeid.

Prøvenemndene blir oppnemnd for 4 år og alle får per i dag ein opplæringsdag i starten av perioden og ein oppfølgingsdag om lag annakvart år. I tillegg er fylkesdirektøren tett på med oppfølging og rettleiing på e-post, telefon og video etter behov. Fylkesdirektøren legg vidare opp til å vidareutvikle prøvenemndene sine vurderingskriterium og dokumentasjonskrav og at desse vert vidareformidla til faglege leiarar, instruktørar og lærlingar slik at dei kan gje ei opplæring som samsvarar med det som møter lærlingen på fagprøva. Det vert også lagt vekt på å utvikle ein så lik vurderingspraksis som mogleg i fylket og å skulere og gjere prøvenemndene tryggare på sensorrolla. Prøvenemndene vil også få tilbod om nettkurs i vurdering, eit kurs som er planlagt oppstart på 12. november, 2018.